

Få bedre trådløs dekning
med Premium WiFi!



TUSSA BREIBAND

INSTALLASJONSRETTEIING FOR
PREMIUM WIFI - AIRTIES AIR 4920

tussa.no







INSTALLASJON AV PREMIUM WIFI


Denne rettleiinga skal hjelpe deg å kome raskt og enkelt i gang med Premium WiFi.

Vi tilrår at du les gjennom heftet før du startar, og at du følgjer instruksjonane nøye.

Dette er Premium Wifi	4
Tips før installasjon	5
Setje opp mesh-nettverk	6
Setje opp ekstra boks i mesh-nettverket	6
Plassering.....	7
Slå av gammalt trådløst nett.....	7
Endre SSID og passord	8
Setje opp gjestenett.....	9
AirTies-appen	10
Drift.....	10
Feilsøking.....	11

DETTE ER PREMIUM WIFI

Premium WiFi er eit smart mesh-nettverk av trådlause aksesspunkt som gir deg god dekning og stabil fart.



Når du har sett opp Premium WiFi (AirTies), sørger nettverket for at du alltid er kopla til den boks som gir deg best dekning og fart:

- Du kan bevege deg rundt i bustaden utan å tenkje på kvar du er kopla til (klientstyring)
- Nettverket hindrar at éin enkelt klient/eining (pc, smarttelefon, nettbrett osv.) får så dårleg dekning at den dreg ned farta for alle ("bad apple")
- Du kan kople einingar som PC, spelkonsoll eller tv-boks direkte til kvar AirTies-boks med nettverkskabel



FAKTA OM AIR 4920

- WiFi-løysing med 3 boksar i pakken. Du kan supplere med fleire boksar etter behov
- Nyare einingar (pc, smarttelefon, nettbrett) som støttar dei siste trådlause standardane vil få den beste farta, men løysinga fungerer også på eldre utstyr
- Klientstyring med bandstyring: Begge frekvensbanda (2.4GHz og 5GHz) vert brukt samtidig med same SSID og passord. Det best tilgjengelege aksesspunktet og frekvensbandet vert valt automatisk



TIPS FØR INSTALLASJON

- Ta plastfolien av kvar boks før du slår den på
- La boksen stå oppreist. Høla i boksen gir ventilasjon og må ikkje bli blokkert eller tildekt
- Hald avstand mellom boksane og moglege kilder til elektriske forstyrringar, som takvifte, alarmsystem, mikrobølgeovn, PC-ar og trådlause telefonar (basestasjon og handsett)
- Ver merksam på at store gjenstandar og flater av metall og glass, som akvarium, spegel, isolerte veggjar og mur- og betongveggjar kan svekke dei trådlause signala
- Unngå å eksponere boksane for varmekjelder som omnar og direkte sollys



1. SETJE OPP MESH-NETTVERK

Alle Air-4920 boksane er identiske. Kjem dei i same pakken, er dei også sett opp til å danne mesh-nettverk med kvarandre automatisk. Boksar frå ulike pakkar må setjast opp i mesh ved hjelp av WPS.

Slik set du opp boksane dine i mesh:

1. Kopl ein av boksane til ruterer/modemet ditt med den vedlagte nettverks-kabelen (kvit kabel med gul plugg). Plasser boksen ved sida av ruterer/modemet
2. Kopl til straum og slå på boksen, når boksen er klar kan du gå til neste steg
3. Plasser den neste boksen om lag tre meter unna den første, kople til straum og slå den på
 - Boksar frå same pakke skal automatisk kople seg til kvarandre. Dette kan ta opp til 3 minutt. Når tilkoplings-lampen (LED-lampen) på begge boksane sluttar å blinke og lyser fast grønt, er tilkopling oppretta. Dersom lysindikatoren for 5 GHz ikkje lyser fast grønt innan 3 minutt, sjå "Feilsøking"
 - Dersom 5 GHz og 2,4 GHz-indikatorane blinkar grønt (4 sekund på, 4 sekund av), må du nytte WPS:
 - Trykk på WPS-knappen på den fyrste boksen i 2 sekund
 - Trykk på WPS-knappen på den nye boksen i 2 sekund. Dersom lysindikatoren for 5 GHz ikkje lyser grønt etter 5 minutt må du gjenta WPS-stega
4. Gjenta steg 3 med ein boks om gongen
5. Når boksen er mesha, kan du kople den frå straum for å plassere den der du vil utvide internett-tilgangen. **Sjå tips om plassering på neste side.** Når du slår den på igjen vil den automatisk kople seg til mesh-nettverket. Dersom den ikkje lyser grønt, kan den vere plassert utilgjengeleg for kontakt med næraste boks, sjå "Feilsøking"
6. Du kan når som helst utvide nettverket med ein eller fleire boksar ved å følgje steg 3-5

TIPS! På nettsida vår kan du finne link til rettleiingsvideo for korleis du skal setje opp mesh-nettverk. Sjå meir på www.tussa.no/premiumwifi




2. PLASSERING

Den første boksen skal koplest til ruter/modemet ditt og plasserast der. Plasser dei andre boksane der du vil utvide dekninga, og kopl alle til straum. Dekningsfeltet strekkjer seg i alle retningar som ei kule rundt kvar boks:

- Plasser boksane høgt, fritt og aldri bak tv, anna elektronikk, metallskap eller liknande (det er normalt at dei blir litt varme)
- Set dei sentralt. Gang eller trappeoppgang er god plassering, og helst nært nok til at alle boksane når kvarandre trådløst
- Om du ønskjer å henge dei på vegg er det mogleg å bestille monteringsbrakettar som er eigna for det

TIPS! På nettsida vår finn du link til fleire tips om plassering (Plasseringsguide for Air 4920) . Sjå meir på www.tussa.no/premiumwifi

Nettet er klart når lampene lyser grønt, med eit kort blink på 5GHz-lampen kvart 5. sekund.



3. TUSSA SLÅR AV GAMMALT TRÅDLAUSNETT

For å unngå at nettverka forstyrrar kvarandre må Tussa slå av trådløstnettet på ruter/modemet ditt når du har kople opp AirTies. Fjern repeatarar og anna tilsvarende utstyr. Sjølv om nettverksnamn og passord er som før, vil nokre klientar registrere ny maskinvare og be deg logge på wifi på nytt.

Når det nye meshnettverket ditt er klart til bruk **må du ta kontakt med Tussa på tlf 70 04 63 00**, slik at vi kan slå av det gamle trådløse nettet ditt.



4. ENDRE SSID OG PASSORD

Fabrikkstandard nettverksnamn (SSID) og passord er klistra til botnen av kvar boks, og dei er like for alle boksane i pakken. Du kan velje å endre SSID og passord sjølv. Det kan du gjere anten via web eller med AirTies WiFi-appen.

Viktig å hugse på:

Bruk same SSID for begge frekvensbanda; Air 4920-boksane har klientstyring og bandstyring. For at desse teknologiane skal fungere, **må** du ha same SSID og passord for 2,4 GHz og 5 GHz-frekvensbanda. Klientstyring gjer at AirTies-boksen som er tilkopa ruter/modemet, automatisk overfører SSID og passord til dei andre AirTies-boksane i nettverket. Slik kan du bevege deg rundt i bustaden utan å tenkje på kva AirTies-boks du er kopa til.

Slik endrar du SSID og passord via web:

1. Kople ein PC, nettbrett eller mobiltelefon til det trådlause nettverket med standard namn og passord
2. Opn ein nettlesar
3. Skriv "http://air4920.local/" i adressefeltet
4. Logg inn (standard passord er blankt) og naviger til "Quick Setup" i menyen på venstre side
5. Følg instruksjonen på skjermen for å endre namn (SSID) og passord for trådlausnettet
6. Pass også på å setje eit passord for innlogging til air4920.local

TIPS! På nettsida vår kan du finne link til rettleiingsvideo om korleis du kan endre SSID og passord. Sjå meir på www.tussa.no/premiumwifi



5. SETJE OPP GJESTENETT

Det er fleire gode grunnar til å setje opp eit ekstra gjestenettverk heime. Du aukar tryggleiken på heimenettet ditt, og har meir kontroll på kven som får tilgang til delte datamaskiner, printerar og lagringseiningar osb.

Slik set du opp eit gjestenettverk via web


1. Kopl ein PC, nettbrett eller mobiltelefon til det trådlause nettverket med standard namn og passord
2. Opn ein nettlesar
3. Skriv "http://air4920.local/" i adressefeltet
4. Logg inn (standard passord er blankt) og naviger til "Wireless - Wireless Settings" i menyen (1.13). (Advanced Settings - Wireless - Advanced Setup 1.21)
5. Huk av på "Enable" i den fyrste boksen (i andre linje under linja for eige nettverk, sjå instruksjonsvideo dersom du er usikker). Fyll inn ønskt namn på gjestenettet under "Primary SSID". Velg kryptering og set eit passord. Trykk på save for å lagre. Vi tilrår ikkje å ha eit ope gjestenett, då det vil bli tilgjengeleg for alle som er innanfor rekkjevidde av heimenettverket ditt
6. Du har no sett opp eit ekstra nettverk på frekvensen 2.4 GHz og må gjere det same på 5 GHz
7. Øvst på sida vel du fanen WLAN 2 (5 GHz) og følgjer punkt 5 på nytt. Bruk dei same innstillingane for SSID, kryptering og passord
8. Det kan hende du misser kontakta med AirTies-boksane medan innstillingane vert overført og synkronisert med dei andre boksane. Dette kan ta inntil 5 minutt avhengig av kor mange boksar som er kopla i mesh

TIPS! På nettsida vår kan du finne link til rettleiingsvideo om korleis du kan setje opp gjestenettverk. Sjå meir på www.tussa.no/premiumwifi



AIRTIES-APPEN

Om du vil kan du nytte AirTies-appen til å setje opp mesh-nettverk. Du kan også nytte appen til feilsøking og overvaking av det trådlause nettverket ditt, og til å setje opp gjestenettverk.



Last ned appen:



SETJE OPP MESH-NETTVERK MED AIRTIES-APPEN

På mobil eller nettbrett som er kopla til "gammalt" trådlaut nett: Installer og start appen "AirTies WiFi" for Android eller iOS:

1. Bekreft at du har ein AirTies solution pack
2. Gi boksane namn etter kvar dei står i bustaden
3. ID-en som kjem opp er serienummeret som står klistra under kvar boks
4. Appen vil automatisk foreslå å kopiere SSID frå eksisterande nettverk. Bekreft dette, og hugs at det skal vere same SSID og same passord for begge frekvensbanda. Slik kan nettverket alltid velje den beste tilkoplinga for kvar klient
5. Sjekk at alle boksane er på nett, har god plassering og får kontakt. Flytt boksen om det er nødvendig for optimal dekning

DRIFT

Tussa eig og driftar boksane dine. Det vil seie at du får desse fordelane:

- Dersom du ønskjer det kan vi kople oss på nettverket ditt for å feilsøke, og for å monitorere trafikken. Det vil seie at dersom ikkje nettverket fungerer optimalt i bustaden din kan du ta kontakt med oss for rettleing av t.d. plassering av boksane for å få optimal dekning m.m.
- Vi held utstyret oppdatert med siste versjon av programvare
- Vi kan enkelt implementere ny funksjonalitet når det blir tilgjengeleg



FEILSØKING

Lys	Status	Farge	Mønster	Tid	Status-ID	Forklaring	Tiltak
 Power	Av	Av/mørk			A		Slå på boksen etter ønskje
	På	Kvit	Konstant		B		Ingen tiltak. Dersom boksen nettopp har blitt slått på, merk at oppstartsprosessen tek minst to minutt
 5 GHz	Boksen er ikkje klar	Kvit	Blink		C		Boksen startar opp. Ingen tiltak
	Trådløst er aktivt og boksen har ei sterk mesh-tilkopling	Grøn	Blink	50 ms på 5000 ms av	D		Ingen
	Trådløst er aktivt og alle mesh-tilkoplingar er svake	Raud	Konstant		E		Flytt boksen nærare ein annan boks i mesh-nettverket
	Trådløst nett er mak tvt eller utsett for mellombels forstyringar	Av/mørk			F		Ingen
	WPS-oppkopling pågår	Grøn	Synkronisert blink		G		Ingen
	WPS-oppkopling er vellykka	Grøn			H		Dersom LED lyser raudt (status E), flytt boksen nærare ein anna boks i mesh-nettverket. Dersom LED lyser grønt (status D), ingen tiltak
	Boksen er ikkje konfigurert	Grøn	Synkronisert blink	400 ms på 400 ms av	I		Boksen har fabrikkinnstillingar og er ikkje kopla til heimenettverket - t.d. ved at første boks ikkje er kopla med kabel til den trådlause ruter
 2.4 GHz	Trådløst nett er aktivt, boksen er konfigurert, men ikkje kopla til mesh	Grøn	Konstant		J		Konfigurer boksen som beskrive i denne guiden
	Mesh er konfigurert, men tilkopling er inaktiv	Raud	Blink	1000 ms på 1000 ms av	K		Boksen er det største tilgangspunktet ditt (kopla med kabel til trådløse ruter/modem)
	WPS-oppkopling mislykka	Raud			L		Forsikre deg om at alle boksar i mesh-nettverket er slått på og plassert tilstrekkeleg nær kvarandre
							Flytt boksen nærare ein annan boks som allereie er i mesh-nettverket og gjenta forsøk på WPS-oppkopling

*Vil du vite meir om AirTies Air 4920, finn du det på:
<https://eyenetworks.no/air4920>*

Tussa Kundesenter
tlf. 70 04 63 00
kundesenter@tussa.no

www.tussa.no

